
Fra: Trude Bruket <trudebruket@gmail.com>
Sendt: fredag 3. august 2018 11:19
Til: firmapost@markhusbygg.no
Kopi: Per Sveinar Morsund; lindtomt@online.no; Postmottak Lindås
Emne: Ferdigstilling av uteområde, og tiltak for å pynte opp skjemmande mur i Hordasmibakken (Isdalstøbakken 1)

Til utbygger Markhus bygg, med kopi til Lindås kommune og Lindås tomteselskap.

Først vil eg gratulera med prosjektet Hordasmibakken. Husa er blitt fine, men no ventar eg, som næraste nabo, på at uteområdet vert ferdigstilt. Uteområdet, slik det framstår no, skjemmer heile tomte/prosjektet. Under beskriv eg forventningar:

- Tiltak som gjer at den skjemmande betongmuren verkar mindre skjemmande. Til dømes påføring av struktur på muren, pluss buskvekstar på utsida av muren.
- Ordentleg beplantning. No er området berre fullt av ugras (frødd seg sjølv), ingen buskvekstar, planter eller ordentlig gras er planta.

Sjå bilete vedlagt. Dei viser vår utsikt til eigedommen, altså korleis eigedommen ser ut frå gata (Isdalstøbakken) som skil den frå vår eigedom.

Eg håpar utbygger snarast vil ferdigstille uteområdet, slik at det står i stil til sjølv bygga, som i utforming er bra. Dei delane som enno er umalte (boskur og altanar med skilleveggar) må også malast. Eg ber også Lindås kommune følga opp at utbygger fullfører sine siste oppgåver i samband med prosjektet. Eg ser at utbygger på sine nettsider presenterer prosjektet under "ferdigstilte prosjekter," med balnt anna ein fin illustrasjon som står i sterk kontrast til mine vedlagde bilete, her <http://www.markhusbygg.no/portfolio-item/hordasmibakken-knarvik/> - Bosskuret er forresten også nesten dobbelt så høgt som det treng vera, og veldig dominerande frå gata (i illustrasjonen ser det lågare ut).

M.v.h. Trude Bruket
Isdalstøbakken 55A
5916 Isdalstø
Mobil 97019893











